



Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga

### Innspel til klassesaka for skuleåret 2015 – 2016.

Viser til e-post 17.oktober 2015, med utkast til tilbodstruktur for skuleåret 2015-2016

#### Naturbruk og helse- og oppvekstfag.

I forslag til klassesaka for 2015 – 2016 er det foreslått at Fusa vgs får gjennopprettet VG1 Naturbruk og VG2 Helsearbeiderfag. Det er tilbod som har hatt varierende søknad og der me har brukt tid og ressurser på å byggja opp eit systematisk og godt samarbeid med næringa/kommunar. Me har også lagt ned mykje arbeid i rekruttering. Det er stort behov for arbeidskraft innanfor desse områda. Me er glade for at desse tilboda/klassane er lagt inn igjen for neste år.

Me ynskjer også at det vert vurdert oppretta eit nytt tilbod innafor helse- og oppvekstfag: VG2 Barne- og ungdomsarbeiderfaget. I skulebruksplanen er det sett opp at Fusa vgs skal gje opplæring i Helsearbeiderfaget og Barne- og ungdomsarbeiderfaget innafor utdanningsprogrammet for Helse og oppvekstfag. Søknaden til HS VG1 2014 – 2015 var god, og me håper det er eit signal om større interesse for utdanninga. Me ynskjer derfor å få oppretta tilbod om Barne- og ungdomsarbeiderfaget i tillegg til Helsearbeiderfaget for skuleåret 2015 – 2016. Dette kan evt. vera 2 halve klassar. Me trur at 2 tilbod på vg2 kan vera med å styrka interessa for å søkja VG1.

Undervisninga i programfaga for VG2 Helsearbeider kan også samkjøyrast med VG2 TAF-Helse og dermed redusere kostnaden.

#### Justering av tilbodet innan Studiespesialiserande utdanning.

Fusa vgs har i mange år hatt opplæring innan Studiespesialisering med formgjeving, og har gode erfaringar med dette. Søknaden til tilbodet varierer noko, men er gjennomgående god. Skulen har i mange år arbeida for å sjå samanheng mellom programfaga og fellesfaga. Me ynskjer på den måten å utvikla kreativitet og estetikk som viktige element også i fellesfaga.

Me opplever likevel at mange ynskjer å ta studieførbuande utdanning hos oss med realfag i staden for formgjevingsfag. Dette kan truleg ha samanheng med eit sterkt TAF-miljø og/eller lange TAF-tradisjonar på skulen, med eit nært samarbeid mellom utdanningsprogramma som gjev studiekompetanse. Ungdommane i nærmiljøet uttrykkjer at dei ynskjer å vera ein del av dette miljøet og velga mellom fleire fag som gjev studiekompetanse.

Forslag om å oppretta studieførbuande utdanning med formgjeving til eit eige utdanningsprogram, er ute på høyring, og vil truleg verta vedteke med verknad frå komande inntaksrunde. I denne samanhengen ber me også om å få tilby andre studieførbuande fag/realfag innanfor STFO.

I samanheng med idrettsprosjektet, skiskyting og volleyball, har me elevar som i dag tar studiespesialiserande utdanning med fordjupning i realfag.

For å sikre ei breiare rekrutteringsplattform for studiespesialiserande utdanninga ved Fusa vgs, ynskjer me ein kombinasjon der elevane kan velje mellom formgjeving eller realfag. Opplæring i realfag vert kombinert med TAF, og vil derfor ikkje utløyse ekstra kostnader. Samstundes kan me ivareta og sikre eit tilbod til dei elevane som ynskjer programfag innan kreative og estetiske fag/formgjeving. Me ser



**FUSA VIDAREGÅANDE SKULE**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

på estetikk og kreativitet som viktige eigenskaper i framtidig utdanning, og håper me kan vidareutvikla det i kombinasjon med studieførebuande utdanning.

Eikelandsosen, 28. oktober 2014

*Tør Johannes Hjertnes*

Tør Johannes Hjertnes

Rektor